



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Høyring av verneforslag - frivillig skogvern for Loen naturreservat i Stryn

Som ein del av arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet i Vestland fylke sender vi ut forslag til frivillig skogvern av Loen naturreservat i Stryn kommune. Du er velkommen til å sende innspel fram til og med 1. april 2026.

Loen naturreservat ligg ved Lobukta i Stryn. Det føreslegne verneområdet er lokalisert på gards- og bruksnummer 70/3, 70/6, 70/7, 70/8, 70/11, 70/13, 70/14, 70/15, og 70/26 og arealet er eigd av private grunneigarar. Dei har underskrive tilbod om vern av Loen som naturreservat etter prosedyren om frivillig skogvern. Arealet har ein storleik på 778 dekar, der om lag 762 dekar er skogdekt og 362 dekar av dette reknar vi som produktiv skog.

Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald* (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptopping av skogvernet i Noreg til 10 prosent av skogarealet. Per desember 2025 var nær 5,5 prosent av skogarealet og litt over 4,2 prosent av den produktive skogen verna i Noreg. Vi har om lag 3,2 prosent skogvern i Vestland. I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva for å ha stor positiv effekt på trua artar i skog. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved frivillig vern av privateigd skog.

Frivillig vern av Loen i Stryn inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog. Det er eit nasjonalt miljømål at eit representativt utval av naturtypene i skog blir verna for kommande generasjonar. Vern av skog er i tillegg viktig for å nå mange andre miljømål vedtekne av Stortinget.

Frivillig skogvern

Artsdatabanken, den nasjonale kunnskapsinstitusjonen for naturmangfald, reknar med at om lag 60 prosent av alle artane på fastlandet i Noreg har skog som levestad. Totalt 90 prosent av dei trua raudlisteartane vert negativt påverka av menneskelege arealendringar. Inngrep som fylgje av nedbygging og skogbruk er blant dei viktigaste faktorene. Derfor er det å ta vare på levestadane til artsmangfald i skog blant det viktigaste tiltaket vi kan gjere for å sikre vestlandsnaturen for framtida. Dei siste åra har frivillig skogvern etter naturmangfaldslova vore den mest aktuelle verneforma. Som



ordet seier, er dette eit vern der staten er heilt avhengig av at grunneigaren sjølv ynskjer dette. Det er FramTre (det nye namnet til AT Skog) som har framforhandla vernet på vegner av grunneigarane i kandidatområdet, og som ser til at interessene til grunneigarane blir ivaretekne.

Verneverdiar

Kandidatområdet Loen naturreservat ligg i ei sørvendt li i boreonemoral vegetasjonssone, klart oseanisk seksjon. Lisida har noko rasmark med impediment, men nær halvparten av lia har høg og



særs høg bonitet. Skogen består i hovudsak av naturtypen gamal fattig edellauvskog, i form av gamal eikeskog med uvanleg mange storvaksne hole eiker. Feltsjiktet varierer frå fattig lågurtskog i nedre delar til rikare lågurtskog i overgang mot almlindeskog. Alm-lindeskog er ein raudlista naturtype (nær truga, NT). Boreale lauvtre som bjørk veks jamt over heile området i tillegg til mykje hassel, og det er registrert lind i øvre og austre delar. Lokaliteten har ein verdi som svært viktig (A-verdi/ nasjonal verdi), mellom anna på bakgrunn av dei mange grove, gamle og ofte hole eikene som veks der. I desse gamle eiketrea er det registrert kravfulle og dels raudlista artar som er avhengige av gamle eiketrea. Området er vurdert til å truleg vere ein av dei mest verdifulle edellauvskogane i tidlegare Sogn og Fjordane, da dette er den nordlegaste kjente førekomsten av gammal eikeskog i Noreg.

Figur 1: Store, gamle tre som denne eika gjev livsgrunnlag for eit mylder av sjeldne, sårbare og truga artar. Jo større tre, jo betre plass til eit mylder av sopp og lav, insekt og fugl. Gamle eiketrea har grov bark og holrom og spelar ei særskild viktig rolle for biologisk mangfald. I kandidatområdet i Loen, som grunneigarane no har tilbydd til frivillig skogvern, er det særleg mange store, grove eiketrea. Foto: Maria Knagenhjelm

Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av naturmangfaldlova jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat i § 37, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, vurderer vi er mest aktuelt for Loen. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep.



Brukarinteresser

Grunneigarane vil framleis ha rett til jakt og fangst i samsvar med gjeldande lowerk, og ålmenta vil kunne nytte området til friluftsliv, og sanking av matsopp og bær. Beiting og vedlikehald av eksisterande turstiar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet er også generelle unntak frå vernereglane. All ferdsel skal skje varsamt og med omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne. Motorisert ferdsel er forbode, med unntak av naudsynt uttransport av felt vilt eller sjuke/skadde bufe.

Stien gjennom kandidatområdet i aust er mykje brukt for å kome seg opp til startpunktet for via ferrataen. Stien er avmerkt og har fått teiknforklaring i framlegg til vernekart (sjå vedlegg). På startpunktet for via ferrataen, der ein tek på seg sele, tau og sikringer, ligg eit utkikkspunkt i form av ein plattform. Dette utkikkspunktet er grensa ut av kandidatområdet, slik at det skal kunne haldast ved like og ryddast i siktlinja frå plattformen. Stien gjennom kandidatområdet skal kunne haldast ved like.

Loen Skylift går i lufta over kandidatområdet, men har ikkje anlegg på bakken innanfor vernegrensa. Frå toppen av skyliften er det ein del flygeaktivitet i form av paragliding og liknande, disse set ut frå fjellet og flyg over kandidatområdet før dei landar i lågare terreng på flatare og opne område. Vi vurderer at verken skyliften eller aktiviteten i/over området er i konflikt med vernet. Det kan bli aktuelt med redningsverksemd, dette er direkte heimla i verneforskrifta, sjå § 6.

Det vil i utgangspunktet ikkje vere lov å bruke naturreservatet til større arrangement. Kva som inngår i omgrepet «større arrangement» vil vere vurderingar som forvaltningsstyresmakta vil kunne gjere i det enkelte tilfellet. Det kan likevel søkjast om dispensasjon til større arrangement ved avgrensa bruk av reservatet. Her vil potensiell slitasje i terrenget og sårbarheit spele ei rolle i vurderinga. Organisert ferdsel på stien til startpunktet for via ferrataen er, etter vår vurdering, ikkje vurdert som «større arrangement».

Innspel i verneprosessen

Vi meldte offisiell start av vernearbeidet den 07. august 2025. Vi fekk inn tre innspel innan fristen den 6. september, og to innspel etter fristen. Vi har inkludert alle innspel i vidare handsaming, då dei alle har relevans for å få fram ulike aspekt ved vernet.

Statens vegvesen og Statnett SF skriv at verneprosessen ikkje påverkar eksisterande anlegg, vegar eller andre planer/interesser i området, og har derfor ingen merknader i saka.

Grunneigar på 70/7 ønsker en forklaring rundt korleis innskrenkingen av arealet i samband med rydding av utsiktspunkt blei og korleis samarbeidet med dei som styrer via ferrataen har vore.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Via ferrataen som er eigd av Loen Active, med tilhøyrande tilkomst på sti opp til plattformen, vart godt etablert før dialogen med grunneigarane var i gang om frivillig skogvern. Sidan dette allereie er ein eksisterande bruk av området var det viktig for Statsforvaltaren å trekke vernegrensa vekk frå utkikkspunktet slik vedlikehaldet og ryddinga rundt utkikkplattformen vart teke omsyn til i verneprosessen. Statsforvaltaren har også fått innspel frå Loen Active i oppstartsfasen. Høyringa kan også få fram ny kunnskap.

Loen Active skriv at store delar av tilkomststiane til via ferrata-anlegget ligg innanfor kandidatområdet og påpeikar deira behov for å halde desse vedlike. Stiane har ulik utforming, både i



form av naturleg sti, men også gruslagde strekk, steinlagt sti og steintrappar, tretrappar og ei treplattung. På ei strekning er det to parallelle 50-meter lange stålwire som er strekt og festa til fjellet med stålboltar. Langs stiane er det også nokre informasjonsskilt. Til dette vedlikehaldsarbeidet skriv Active Loen at det kan vere framtidige behov for bensindreven boremaskin og aggregat, transport av materiell med helikopter, og årleg bruk av motorsag og kantklippar.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Ein sopass godt tilrettelagt sti for alle dei besøkande til via ferrataen som denne bær nesten meir preg av å vere ein gangveg enn ein sti i tradisjonell forstand. Vi vurderer uansett at traséen med gruslagde strekk, steinlagt sti og steintrappar, tretrappar og treplattunga som ligg innanfor kandidatområdet vert dekt av formuleringa i verneforskrifta § 4 bokstav g *vedlikehald av eksisterande stiar, anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet*. Det inneber at dette kan haldast ved like som tilstanden er i dag. Dersom det blir behov for boremaskin må vi vise til den generelle dispensasjonsregelen *Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf.*

naturmangfaldlova § 48. Vi vurderer at traseen er godt tilrettelagt i dag. Forvaltningsstyresmakta vil nok i framtida setje ein høg terskel for å kunne gje løyve til nye borehol innanfor verneområdet med mindre det er svært naudsynt, jf. dispensasjonsregelen. For naudsynt motorferdsel av materiell til vedlikehald viser vi til verneforskrifta § 7 bokstav h, der *Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til: naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 g og h og § 7 b, f og g* (vår understreking, sjå omtale lengre opp i teksten). Kantklippar innanfor stitraséen vil kunne fortsetje, men ikkje elles i eit naturreservat, og motorsag vil kunne nyttast dersom tre fell over stien eller dersom stien elles byrjar å vekse att. Vegetasjonen er elles verna mot skade og øydelegging, jf. verneforskrifta § 3 første og andre ledd bokstav a.

Språkrådet er samd om skrivemåten *Loen naturreservat* til det føreslegne området. Dei påpeikar også at viss det seinare blir inkludert eit utvida naturområde vil det vera tilrådeleg å nytta områdenamn som har utgangspunkt i dei lokale stadnamna.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) påpeikar at det ligg ei kraftleidning nær det føreslegne verneområdet som er eigd av Stryn Energi AS. NVE ber derfor Statsforvaltaren og Stryn Energi AS om å vurdere behov for standardreglar for energi- og kraftanlegg i verneforskrifta. Dei ber også områdekonsesjonær Linja AS om å uttale seg om verneforslaget kjem i konflikt med nokon eksisterande eller planlagde anlegg i området. Det er gjennomført korreksjon av elveleiet i elven som grensar øst mot verneområdet, og etablert ein ledevoll/fangvoll på venstre side av elva. Eit sikringsanlegg eigd av Stryn kommune ligg utanfor verneområdet, men NVE ber Statsforvaltaren om å opprette tett dialog med Stryn kommune for å sikre at vern ikkje hindrar vedlikehald, tilsyn og eventuell ombygging av sikringsanlegget. Dei nemner også at Loen Skylift går over området og at dei må få uttale seg om behovet i høyringsrunden.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

I dialog med grunneigarane har vi trekt vernegrensa i god avstand til kraftlinjene i sør for kandidatområdet. Den naturlege tilkomsten til kraftanlegga er i frå sør, frå veg og anlegg på motsett side av vernegrensa. Vi vurderer at vernegrensa er så langt vekk frå naturleg tilkomst til kraftlinjene og at kraftlinjene er lett tilgjengelege utan å kome i konflikt med kandidatområdet. Vi ber spesielt Stryn Energi AS, Linja AS og Stryn kommune uttale seg i høyringa om det føreslegne vernekartet og forskrifta.



Endringar sidan oppstart

Verneforskrifta er tydeleggjort sidan oppstartsmeldinga og oppdatert etter dei nyare vernevedtaka. I § 2 er formuleringa *Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Stryn kommune, hos Statsforvaltaren i Vestland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet* stroke. Dette fordi karta er tilgjengelege digitalt og ikkje blir oppbevart slik som tidlegare.

§ 4 bokstav i *rydding av eksisterande sti vist på vernekartet i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet* er fjerna og inngår heller med ei presisering i bokstav g (ordet *stiar* er lagt inn) *vedlikehald av eksisterande stiar, anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet*. Det er elles gjort mindre rettingar på språk som ikkje skal påverke innhaldet.

Kartet er oppdatert med markering av fleire av stiane og det opparbeidde utkikkspunktet/rampa, som vart etablert i samband med via ferrataen.

Forvaltning og skjøtsel

Fastsetting av forvaltningsstyresmakt for Loen naturreservat blir avgjort i vernevedtaket eller like etterpå. Statsforvaltaren får delegert forvaltningsstyresmakt frå Miljødirektoratet for dei fleste verneområde, men myndigheita er i nokre tilfelle delegert til kommunen eller verneområdestyre dersom området ligg i nærleiken av eit område med lokal forvaltning. Dersom Stryn kommune ønsker delegert forvaltningsmyndigheit må kommunen gje tilbakemelding om dette gjennom høyringa. For tilbodet til kommunane om forvaltningsmyndigheit gjeld følgjande føresetnader:

- Kommunen vert tilbudd å bli forvaltningsstyresmakt for alle verneområda som i si heilskap ligg innafor kommunen sine grenser, utanom dei som ligg under verneområdestyre.
- Kommunar som ikkje tidlegare har hatt forvaltningsmyndigheit må takke ja til alle aktuelle verneområde i kommunen dersom kommunen ynskjer å bli forvaltningsstyresmakt. Kommunen må ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse.
- Det følgjer ikkje midlar til ei eventuell delegert myndigheit.

Arealet som grensar mot sør og søraust har ein del framande treslag som både lerk og platanløn i spreingsfase. Det vil måtte følgjast opp med skjøtsel for å redusere slike trugsmål mot verneverdiane etter eit eventuelt vernevedtak.

Innspel og vidare framdrift

Det er ønskeleg med innspel til Loen naturreservat slik at prosessen og tema kan bli så opplyst som mogleg. Etter at innspel på denne høyringa føreligg, vil vi vurdere innspela og ta endeleg stilling i vår tilråding av vern til Miljødirektoratet. Frist for å kome med innspel er **1. april 2026**.

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing og verneforskrift finn du på nettstaden vår under Høyringar. Det er også mogleg å sende innspel med brev til Statsforvaltaren ved Miljøavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no.

I adresselista har vi forsøkt å få med alle dei aktuelle høyringspartane vi veit om. Dersom de finn feil eller veit om fleire partar som de meiner burde ha fått brevet ber vi om tilbakemelding om dette.

Med helsing

Aslaug Aalen
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar, naturmangfald



Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1
- 2

Framlegg til vernekart Loen naturreservat

Framlegg verneforskrift Loen naturreservat, Stryn



Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Landbruksdirektoratet	Postboks 56	7701	STEINKJER
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Avinor	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Det norske skogselskap			
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO



Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Friluftsrådernes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Sør-Norges Fiskarlag	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO



Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130	OSLO
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Sabima	Mariboes gate 8	0183	OSLO
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN



Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund avd Sogn og Fjordane	Dørndalsveien 114	7100	RISSA
DNT Sogn og Fjordane	Hans Hygens gate 1		Høyanger
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
INDRE NORDFJORD TURLAG	Postboks 109	6781	STRYN
LOEN IDRETTSLAG	Loen Stadion	6789	LOEN
LOEN LUFTSPORTKLUBB	c/o Ørjan Molland Setrevegen 75	6783	STRYN
LOEN ACTIVE AS	c/o AS Hotel Alexandra Lodalsvegen 22	6789	LOEN
TUSSA ENERGI AS AVD STRYN	Tinggata 3	6783	STRYN
LINJA AS AVD STRYN	Tinggata 3	6783	STRYN